



Styret si årsmelding 2014

Type verksemd og lokalitet

Vest Landbrukstenester(LT) driv med formidling av avløyssarar til medlemane i kommunane Stryn og Selje. Vest LT formidlar avløyssarar både ved ferie/fritid og ved sjukdom. Vest LT har innført landbruksvikarordning ved sjukdom og ferie/fritid og frå 2014 dekker vi kommunane Selje, Hornindal og Stryn. Laget har fått tildelt 2,24 årsverk og får tilskot på kr 270 200 pr årsverk. Vest LT har arbeidsgjevaransvar for alle som dei lønner ut.

Framleis drift/endingar i marknadsforhold

Rekneskapet for 2014 og budsjett for 2015, er sett opp under føresetning av framleis drift av laget. Rekneskapen gjev eit rettvissande bilete av Vest LT. Styret kjenner ikkje til nokon viktige forhold, for å bedømme Vest LT si stilling og resultat, som ikkje kjem fram av resultatrekneskap og balanse m/noter. Det har heller ikkje etter at rekneskapsåret gjekk ut skjedd ting som etter styret si meining har virka inn på bedømming av rekneskapet. Strukturen i landbruket er under stadig ending. Større og færre einingar vil etter kvart påverke omsetninga i Vest LT, i tillegg til forskriftsending vedr. krav til avløyssing og utbetaling av refusjon frå 01 01 2015.

Vest LT har medlemskontingent og tar på seg lønnsoppdrag for andre enn bønder.

Arbeidsmiljø, personale og ytre miljø

Vest Landbrukstenester har eige verneombod for avløyssarane. Sjukefråværet i 2014 er 1,03% for avløyssarane, LV og andre oppdrag. Det er 0,29% for kontorpersonelet. Det er ein registrert yrkesskade i 2014. Vest LT har OTP ordning for sine tilsette. Vest LT forureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling


Styret består av fire menn og to kvinner. Fordeling av kvinner og menn tilsette i laget: Den tilsette på kontoret er mann, på rekneskapskontoret som laget kjøper tenester av, er det kvinne. Ringavløyssarane er 2 menn. Landbruksvikarane og dei med LV-avtale er det 3 menn og 1 kvinne. Av lagsavløyssarane og familieavløyssarane er ca halvparten kvinner.


Disponering av årsresultatet


Årsresultat for 2014: - Kr 43 836 (underskot)


Dekkast av fri eigenkapital: kr 43 836 (ny fri EK kr 484 954)


Ulvedal 24. mars 2015



Knut Johan Tjugen
- styreleiar -


Salvatore Ligia
- nestleiar -


Sonja Skåre Esperø
- styremedlem -


Ragnvald Bergset
- styremedlem -


Heidi Håheim
- styremedlem -


Joar Sunde
- tilsettrepresentant -